

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune, ordfører og revisor (KPMG)**

Kopi: Varamedlem, rådmann, økonomisjef, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 17.10.2022, kl. 13:00 – ca. 14:30**Møtestad:** Digitalt møte på Teams**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
54/22	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	
55/22	Godkjenning av protokoll frå møtet 26.09.2022	1
56/22	Meldingssaker a. Svar på spørsmål til granskingsutvalet jf. sak 46/22	2
57/22	Utvida tidsfrist og ramme – gransking	3
58/22	Avklaring rundt prosess og tidspunkt – framlegging av rapport gransking	

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97 01 98 93.

Om andre ynskjer digital tilgang til møtet, kontakt kontrollutvalsleiar.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Med venleg helsing

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 17.10.2022

INNHALDSLISTE

54/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
55/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
56/22 Meldingssaker	2
57/22 Utvida tidsfrist og ramme – gransking	3
58/22 Avklaring rundt prosess og tidspunkt – framlegging av rapport gransking	4



54/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SAKSOPPLYSINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 17.10.2022 er godkjent.

55/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 26.09.2022

SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 26.09.2022 er godkjent slik den ligg føre.

56/22 MELDINGSSAKER

- a) Svar på spørsmål til granskingsutvalet jf. sak 46/22

Saksvedlegg: Svar_ Spørsmål om statusrapport granskingsutval

SAKSOPPLYSNINGAR

Sands advokatfirma har svar på spørsmålet som kom opp i samband med statusrapporten i førre møte. Det andre aspektet Sands bringer opp i svaret vert handsama i sak 58/22.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**57/22 UTVIDA TIDSRIST OG RAMME – GRANSKING**

Saksvedlegg: Varsel i samsvar med kontrakt_utvida tid og ramme for gransking

SAKSOPPLYSNINGAR

Sands advokatfirma har sendt anmodning om utvida timeramme og utsett leveringsfrist for granskinga som er tinga av kontrollutvalet etter mandat frå kommunestyret, sak 035/22.

Vedlagde brev, datert 3.10.2022, gjer greie for bakgrunnen for at granskingsutvalet ber om dette. Kontrollutvalsleiar og kontrollutvalssekretær har gjennomført eit digitalt statusmøte med granskingsteamet om saka på Teams 6. oktober 2022. Temaet for møtet var brevet.

Tidsramma for oppdraget var estimert til 300 timar.

I kontrakten står det: «Konsulent må rapportere om oppdragets omfang strekker seg utover oppgitte rammer. Eventuell utvidelse av oppdraget må vurderes og godkjennes skriftlig ved vedtak i kontrollutvalget.»

Kommunestyret har, i sak 035/22, løyvd inntil 1 million kroner til granskinga. Som det kom fram av saksframlegget er det også knytt kostnader til granskinga ut over granskingsutvalet sitt honorar. Dette er kostnader til gjennomføring av offentleg innkjøp, kostnader til bistand til involverte partar i samband med intervju og eventuelle ekstra kostnader for meirarbeid i kontrollutvalet sitt sekretariat. Med den auka tidsramma som er beden om av granskingsutvalet (inntil 100 timar) er totalsummen estimert til å ende på rett i underkant av 1 million kroner. Kontrollutvalet kan difor sjølve avgjerde førespurnaden frå Sands.

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering

Kontrollutvalssekretariatet vurderer at granskingsteamet gjer godt greie for behovet for auka ramme og utvida tidsfrist. I mandatet som vart utarbeida av Harris advokatfirma, og som ligg til grunn for mandatet som er vedteke av kommunestyret i sak 035/22, vert det vektleggde følgande: «Det gjelder et krav til forsvarlighet for alle granskinger. Gransking må derfor gjennomføres innenfor en ramme som ivaretar rettssikkerhet for de utvalget har kontakt med og som berøres av granskingen.» Ein slik forsvarlighet vil vere med å sørge for tillit til prosessen.

Med bakgrunn i mandatet for granskinga, ynskje om tillit til prosessen og innhaldet i brevet frå granskingsutvalet vedlagt denne saka vurderer kontrollutvalssekretariatet det slik at kontrollutvalet bør innvilge auka tidsramme for gransking og utsett leveringsfrist for granskingsrapporten.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har vurdert brev frå granskingsutvalet/Sands advokatfirma med tittel «Varsel om forsinkelse - anmodning om tilleggsfrist og utvidet økonomisk ramme for arbeidet med granskingsrapport,» datert 3.10.2022.
2. Kontrollutvalet innvilgar granskingsutvalet inntil 100 timar ekstra tidsramme til granskingsarbeidet, og godkjenner at fristen for levering av endeleg rapport kan utsetjast til 1.12.2022.



3. Kontrollutvalet føreset at dersom rapporten kan ferdigstillast før 1.12.2022 vert den sendt over til kontrollutvalet ved sekretariatet så raskt den er klar.

58/22 AVKLARING RUNDT PROSESS OG TIDSPUNKT – FRAMLEGGING AV RAPPORT GRANSKING

SAKSOPPLYSNINGAR

Denne saka handlar om både tidspunkt for den politiske handsaminga av granskingsrapporten sett i lys av sak 57/22, og avklaring rundt når involverte partar skal verta kjende med hovudkonklusjonen i rapporten.

Tidspunkt for politisk handsaming av granskingsrapport

Dersom tidsfristen for levering av granskingsrapporten vert sett til 1.12.2022 vert det for knapp tid til at denne kan handsamast i kommunestyremøtet 15.12.2022 som tenkt. Kontrollutvalet må handsame saka først og sende denne over til kommunestyret. Det er viktig at både kontrollutvalsmedlemmene og kommunestyremedlemmene får forsvarleg tid til å lesa sakspapira (rapporten) i forkant av møtene.

I samråd med leiar føreslår sekretariatet at kontrollutvalet i fellesskap avklarar når kontrollutvalet kan handsame saka, og at det basert på dette vert avklara med ordførar i kva kommunestyremøte saka skal opp i. Per no er det ikkje offentleggjort møtetidspunkt for kommunestyremøta etter nyttår 2023. Kontrollutvalet har heller ikkje sett opp møteplan for 2023 førebels.

Avklaring av når involverte skal verta kjende med hovudkonklusjon i granskingsrapport

I svaret frå granskingsutvalet i sak 56/22 reiser Sands advokatfirma følgande spørsmål:

Det vi av erfaring vet kan bli et spørsmål er på hvilket tidspunkt de «berørte» (...) skal få en kort redegjørelse for hovedkonklusjonen. De vil nok ha en forventning om å gjøres kjent med det før rapporten gjøres offentlig.

Kontrollutvalssekretær har hatt ein telefonsamtale med advokat om temaet. Det som kjem fram der er at det er vanleg praksis å gi involverte i granskingsprosessar eit kort munnleg varsel om hovudkonklusjonen i granskningar før rapportane vert kjente for ålmenta. Rapporten vert offentlig kjent så snart den vert sendt ut saman med sakspapira til kontrollutvalet sitt møte. Advokat frå Sands seier at dette kan løysast ved at ein avklarar med advokat når sakspapira vert sendt ut, og at advokat kan ringe dei involverte kort tid i forkant av dette for å gje dei ei kort munnleg orientering.

Merk elles at § 23-5, som seier at kommunedirektøren skal gjevast høve til å uttale seg i saker som skal sendast til kommunestyret før kontrollutvalet skal handsame saka, ikkje vil omfatte denne saka. Intensjonen med paragrafen er at saker skal vere så godt opplyste som mogleg før kommunestyret



handsamer dei. I denne saka skal granskinga skal svara på spørsmåla som er stilte i mandatet. Granskingsutvalet vil ikkje, som i ein forvaltningsrevisjon, føreslå tiltak for oppfølging.

Kontrollutvalssekretariatet si vurdering

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å ta høgde for at kontrollutvalet og kommunestyret må få sakspapira i forsvarleg tid før granskingsrapporten vert handsama. Møte i kontrollutvalet bør difor kanskje ikkje setjast før 19.12.2022, og med oversending til kommunestyret for handsaming over nyttår 2023.

Sekretariatet anbefaler at granskingsutvalet gir dei som er direkte berørte av granskinga ei kort munnleg orientering om hovudkonklusjonen i granskinga før denne vert offentleg. Dette bør gjerast så tett opp mot utsending av sakspapir som mogleg.

I e-posten frå advokat/representat i granskingsutvalet står det elles at granskingsutvalet kan «gi representant for oppdragsgiver mulighet for tilgang til et utkast til rapport før endelig ferdigstilling.» Sekretariatet vurderer at dette ikkje bør gjerast i denne saka. Det er kontrollutvalet som heilskap som skal handsama rapporten. Sekretariatet bør heller ikkje sjå rapporten før den er ferdigstilt. Sekretariatet – eller kontrollutvalet – skal ikkje kunne påverke det som står i rapporten. Sekretariatet må få oversendt ferdigstilt rapport, og ha tid til å førebu saksframlegg etter å ha motteke denne, før rapporten vert sendt vidare til kontrollutvalet saman med sakspapir, i høve vanleg saksførebuing.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet set ein møtedato for handsaminga av granskingsrapporten som tek omsyn til forsvarleg sakshandsaming i kontrollutvalssekretariatet og forsvarleg tid for kontrollutvalet til å lese sakspapira i forkant av handsaminga av rapporten.
2. Kontrollutvalet ynskjer at partar som er direkte berørte av granskinga vert varsla munnleg om hovudkonklusjonen kort tid før granskingsrapporten vert offentleggjort i samband med utsending av sakspapira.



ALVER KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 26. september 2022 kl. 09:00 – 13.20
- Stad: Formannskapssalen, Frekhaug (Meland rådhus)
- Deltakarar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem), Arild Tveranger (medlem – frå kl. 10.05, sak 48), Erling Rønne stad (3. vara for Rolf Sandstad) og Dag Erik Hagesæter (1. vara for Arild Tveranger – møtte frå kl. 09.00 – 10.05, til og med sak 47/22)
- Forfall: Rolf Sandstad (medlem), Arild Tveranger (medlem – fråverande frå møtestart fram til kl. 10.05, til og med sak 47/22)
- Andre:
- Revisor: Revisor Rune Mydland (i sak 50/22 og 51/22) og forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland (i sak 48/22 og 49/22), KPMG
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLIS TE

44/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 26.09.2022.....	2
45/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 13.06.2022.....	2
46/22 Meldingssaker.....	3
47/22 handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting.....	4
48/22 Kort statusorientering: forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune»	5
49/22 Evaluering av kommunen si covid-19-handtering.....	6
50/22 Overordna revisjonsplan 2022.....	7
51/22 Stadfesting av revisor si uavhengigheit 2022	7
52/22 Møteprotokollar frå politiske utval	8
53/22 Eventuelt	8



44/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET 26.09.2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26.09.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig.

SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26.09.2022 er godkjent.

45/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 13.06.2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 13.06.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig.

SAMRØYSTES VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 13.06.2022 er godkjent slik den ligg føre.



46/22 MELDINGSSAKER

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

BEHANDLING I MØTET

c. Det vart stilt spørsmål til kva som er meint med «presentasjon rapport» i statusrapporten/framdriftsplanen frå granskingsutval før framlegging til kontrollutvalet. Kontrollutvalssekretær spør granskingsutvalet om dette er ein skrivefeil.

Det kom ynskje om å ta opp sak f og g under eventuelt.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



47/22 HANDTERING AV INNKOMNE SAKER (HENVENDINGAR) – RETTLEIAR OG DRØFTING

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.
2. Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne føl forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.
3. Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta handsaming av henvendingar.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.
2. Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne føl forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.
3. Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte.



48/22 KORT STATUSORIENTERING: FORVALTNINGSREVISJON «ØKONOMISTYRING I
ALVER KOMMUNE»

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering, og forventar å få rapporten frå forvaltningsrevisjonen «Strategisk økonomistyring» framlagt til handsaming i neste kontrollutvalsmøte.

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland, KPMG, gav ei kort orientering om status for arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering, og forventar å få rapporten frå forvaltningsrevisjonen «Strategisk økonomistyring» framlagt til handsaming i neste kontrollutvalsmøte.



49/22 EVALUERING AV KOMMUNEN SI COVID-19-HANDTERING

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Med bakgrunnen i drøftingane i møtet bestiller kontrollutvalet framlegg til ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Alver kommune si handtering av koronapandemien (Covid-19)» frå revisor KPMG innan 7.11.2022.

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland, KPMG, orienterte om liknande arbeid som KPMG har gjort for andre kommunar.

Kontrollutvalet drøfta føremål og problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon med tema «Alver kommune si handtering av koronapandemien (Covid-19).» Forvaltningsrevisor svarte på spørsmål frå kontrollutvalet under drøftinga.

Hovudtrekka i drøftinga var:

Hovudføremål: Er kommunen skodd slik at ein kan handtere ei ny krise?

For å undersøke dette kan ein bruke covid-19 som case, men sjå på beredskap generelt, med omsyn til punkt nr. 4 i plan for forvaltningsrevisjon (kommunestyresak 113/20). Målet bør vere at ein kan nytte kunnskapen ein får gjennom revisjonen i samband andre typar kriser.

Aktuelle problemstillingar:

- Lokaldemokratiet si rolle i beredskapssituasjonar.
- Har ein beredskapsplanar?
- Korleis følj ein planane?
- Korleis endrar ein planar når det er behov for å endra?

Rammer for revisjonen må koma fram i prosjektplanen.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Med bakgrunnen i drøftingane i møtet bestiller kontrollutvalet framlegg til ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Alver kommune si handtering av koronapandemien (Covid-19)» frå revisor KPMG innan 7.11.2022.



50/22 OVERORDNA REVISJONSPLAN 2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Revisor Rune Mydland orienterte om revisjonsplanen for 2022.

Einstemmig.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

51/22 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHEIT 2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama før sak 50/22.

Revisor Rune Mydland orienterte kort om uavhengighetserklæringa.

Einstemmig.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



52/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Harald Breivik orienterte om sak 107/22, innbyggjarinitiativ om forvaltningsrevisjon av barnevernet, som vart handsama i kommunestyret 22.09.2022. Saka skal vidare handsamast av kontrollutvalet. Det kom framlegg om å setje opp eit ekstra møte 31.10.2022.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

53/22 EVENTUELT

Varamedlem Erling Rønnestad ynska orientering om innhald i brevet under sak Skriv og meldingar, sak 46/22 f./g.

Det vert eit ekstra kontrollutvalsmøte 31.10.2022.

Neste ordinære møte i kontrollutvalet er 21.11.2022.

Alver 26.09.2022

Jimmy Pasali

Leiar kontrollutvalet

Trude Bruket

Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Fra: [Ellen Gooderham | SANDS](#)
Til: [Trude Bruket](#)
Kopi: [Nicolai Skridshol | SANDS](#); [Torkel Tveit | SANDS](#); [Malin Stenseth | SANDS](#)
Emne: SV: Spørsmål om statusrapport [SANDS-MATTERS.FID789799]
Dato: tirsdag 27. september 2022 22:32:26
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei Trude,

Beklager sen tilbakemelding på denne!

Punktet i statusmeldingen henger igjen fra tidsplanen som vi innga i forbindelse med vårt tilbud. Vi kan bekrefte at vi ikke vil presentere rapporten for noen før den presenteres for kontrollutvalget, utover å gi representant for oppdragsgiver mulighet for tilgang til et utkast til rapport før endelig ferdigstilling. Om det er ønskelig selvsagt!

Det vi av erfaring vet kan bli et spørsmål er på hvilket tidspunkt de «berørte» (dvs. lærerne og de direkte involverte fra kommunen) skal få en kort redegjørelse for hovedkonklusjonen. De vil nok ha en forventning om å gjøres kjent med det før rapporten gjøres offentlig. Så dette er noe som bør tenkes over slik at man har en klar holdning til det nå som det «drar seg til» i prosessen. Mulig dere allerede har tenkt på fremgangsmåten for det, men vi kan gjerne snakkes om det dersom det er ønskelig!

Som nevnt fredag så har det vært nokså betydelige forsinkelser og økt tidsbruk knyttet til godkjenning av intervjureferater mv. Vi ser oss derfor nødt til å anmode om noe utvidelse av rammen for oppdraget og denne kommer snarlig som en egen henvendelse. Dette til orientering.

Med vennlig hilsen/Yours sincerely

Ellen Gooderham
Senioradvokat | Senior Lawyer



SANDS Advokatfirma DA
Torgallmenningen 3B | Pb. 1150 Sentrum, 5811 Bergen | Norway
T: [+47 55 30 10 26](tel:+4755301026) M: [+47 920 62 401](tel:+4792062401) S: [+47 55 30 10 00](tel:+4755301000)
sands.no [LinkedIn](#)

Fra: Trude Bruket <trude.bruket@regionnordhordland.no>
Sendt: tirsdag 27. september 2022 08:33
Til: Ellen Gooderham | SANDS <Ellen.Gooderham@sands.no>
Emne: Spørsmål om statusrapport

Hei Ellen.

I kontrollutvalsmøtet i går vart det stilt spørsmål til kva som er meint med «presentasjon rapport» i statusrapporten/framdriftsplanen frå granskingsutval før framlegging til kontrollutvalet. Er dette ein skrivefeil? -Rapporten skal vel ikkje presenterast til nokon før kontrollutvalet?

Med venleg helsing
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS

Mobil 97 01 98 93 | www.regionnordhordland.no

ADVARSEL: Avsenderen er ekstern. Kontroller innhold og avsender nøye før du åpner vedlegg eller linker.

Bergen, 3. oktober 2022
Vår ref.: 67000.158198 GOOELL/EAG
Ansvarlig advokat: Nicolai Skridshol/Torkel Tveit

Kun sendt per e-post til: Trude Bruket,
trude.bruket@regionnordhordland.no

Varsel om forsinkelse - anmodning om tilleggsfrist og utvidet økonomisk ramme for arbeidet med granskningsrapport

1 Innledning

Det vises til dialog om blant annet fremdriften i arbeidet med granskingssaken. I tråd med kontraktens punkt 8.2 varsles det herved om at det vil være behov for fristforlengelse for leveransen og det anmodes om at det innvilges en tilleggsfrist, jfr. avtalens punkt 8.3. I lys av dette anmodes det også om en utvidelse av den økonomiske rammen for gjennomføring av prosessen.

2 Bakgrunn for anmodningen

Som nevnt i statusrapporteringen av 15. september ble det allerede fra oppstart noe forskyvning av intervjuer. Invitasjoner til oppstartssamtale med gruppen som har brakt saken inn for kontrollutvalget («støttegruppen») ble sendt i uke 33, men av praktiske årsaker var det først mulig for «støttegruppen» å gjennomføre en slik oppstartssamtale i uke 36. Av metodiske årsaker var det viktig at vi holdt en innledende samtale med gruppen før videre intervjuer. Det var også først i denne innledende samtalen at vi fikk tilgang til den dokumentasjon som støttegruppen sitter på av betydning for saken. Vi holdt løpende samtaler/intervjuer 5, 6 og 7. september. Det ble satt av god tid til samtlige intervjuer og det ble utarbeidet grundige referater. Referatskriving fra samtaleene var tidkrevende, men ble gitt høy prioritet for å sikre fremdrift. Samtlige referater fra disse innledende intervjuene ble sendt ut påfølgende uke, det vil si i uke 37. Intervjuene gir viktig grunnlagsinformasjon for rapporten og intervjuobjektene er gitt anledning til gjennomgang av referatene med mulighet for å komme med innspill/justeringer. Referatene skal godkjennes av intervjuobjektet.

Da vi ga vår statusrapport den 15. september hadde vi ingen grunn til å tro at tilbakemelding på referater ville utebli så lenge. Manglende tilbakemelding på referat fra intervju man har deltatt i hører også til sjeldenhetene.

Nå skriver vi 3. oktober og det mangler, selv etter purring, tilbakemelding på 5 av hittil 7 intervjureferat. Årsakene som kommuniseres er sammensatte. For det første er det omfattende referat som skal gjennomgås og intervjuobjektene har gitt uttrykk for at det er tidkrevende i en allerede travel hverdag. For det andre medførte det faktum at all informasjon skulle oversendes kontrollutvalget ved endt oppdrag en stor grad av usikkerhet blant flere av intervjuobjektene. For en av dem i så stor grad at vedkommende per nå har valgt å trekke sitt bidrag til prosessen. De aktuelle har nå fått melding om kontrollutvalgets justering på dette punkt, noe vi håper kan bidra til at vi mottar tilbakemelding på samtlige referat.

I sum er situasjonen uansett den at vi nå, en måned før opprinnelig fastsatt leveringsdato, mangler tilbakemelding på flesteparten av intervjuene. Dette innebærer for det første at verdifull informasjon som kan bidra til opplysning av saken ikke er verifisert av intervjuobjektene for arbeidet med rapporten. Videre innebærer det forskyvninger med tanke på gjennomføring av oppfølgingsamtaler for å sikre kontradiksjon.

Vi har også fått innspill til noen flere personer som vi vurderer er aktuelle for intervju, men vi har så langt avventet innkalling til disse til vi har fått tilbakemelding på referat fra tidligere samtaler, slik at vi kan anvende godkjente referat som grunnlag for de nye samtalene. Det påpekes at tidsbruken på kontakt med intervjuobjekter og prosesser rundt informasjonsinnhenting har vært vesentlig mer tidkrevende enn det vi normalt opplever i granskingsprosesser.

3 Anmodning om fristutsettelse og justering av økonomisk ramme for oppdraget

Med utgangspunkt i det som er redegjort for under *punkt 2* ber vi om bekreftelse på en foreløpig utsettelse av leveringsfristen til 1. desember 2022 slik at vi kan få gjort vårt ytterste for å sikre et bredest mulig informasjonsgrunnlag for granskingen. For det tilfellet at vi likevel ikke skulle få informasjonsgrunnlag fra intervjuobjekter innen rimelig tid før frist for levering, vil rapporten måtte basere seg på et svekket informasjonsgrunnlag, noe som vil gi rapporten mindre legitimitet.


Som nevnt har arbeidet med intervjuer og oppfølging tatt vesentlig mer tid enn det vi ellers erfarer, og vi ser at det også fremover må påregnes tidsbruk på kommunikasjon med intervjuobjektene for å trygge deltakelsen. I lys av dette ser vi det som nødvendig å be om en økt tids- og kostnadsramme på 100 timer.

Vi imøteser oppdragsgivers tilbakemelding.

Med vennlig hilsen
SANDS Advokatfirma DA



Torkel Tveit
Partner|advokat



Nicolai Skridshol
Partner|advokat